



- Slik skal det gjerast! Kari Bråtun i gangfeltet etter skuleslutt onsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Også mange av elevane ved skulen i Uskedalen sykklar til og frå skulen, men ikkje alle er like flinke når det gjeld utstyret og måten dei opptrer på i trafikken. Det kunne uskedalen.no sjå under ein rask "trafikk-kontroll" då skulen slutta onsdag.**

Tre av seks som vi såg på veg heim på sykkel fortener ros. Dei hadde hjelm og trilla sykkelen over gangfeltet. Tre andre hadde ikkje hjelm og nytta ikkje gangfeltet. To av desse kryssa riksvegen der Geilo tar av.

FAU har anbefalt at elevane er minst 10 år før dei nyttar sykkel til og frå skulen. Men det er sjølvstg foreldra som har det avgjerande ordet.

- Og når foreldra lar ungane sykla må dei ha hjelm og sykklar som fungerer, seier rektor Vidar Haugland.

Han er glad for at det enno ikkje har vore nokre ulukker i Uskedalen med unge syklistar involvert og voner at det heller ikkje blir det.

Av Ola Matti Mathisen



- Slik skal det gjerast! Jostein Bauge i gangfeltet etter skuleslutt onsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)